



Fornøede karar: F.v: Arne Ruud, tilretteleggjar VINN, Sander Nestegard, arbeidstakar, og Leif Ove Satastlatten, dagleg leiar Hallingdal Renovasjon. Dei er alle svært fornøgd med den positive utviklinga Nestegard har hatt.

Spådd ufør, **jobbar** full stilling

Sander Nestegard i Hol vart av fastlegen sin spådd ei framtid som ufør. Dette var han ikkje heilt einig i. I dag har han full stilling i Hallingdal Renovasjon.

TEKST OG BILETE: LIV TORUNN TORPE

- Sander Nestegard begynte i VINN i 2007, og starta med arbeidspraksis. Han var eitt år hjå oss før me tok kontakt med Hallingdal Renovasjon, fortel Arne Ruud, tilretteleggjar i VINN. Nestegard gjekk dermed over i tiltaket Arbeid med bistand dei neste 15 månadane, og jobba seg opp i frå halv til full stilling.

- I dag jobbar Sander i litt i

overkant over 100 prosent stilling, smiler Leif Ove Satastlatten, dagleg leiar i Hallingdal Renovasjon.

Nestegard hadde ein fastlege som ikkje hadde tru på at han kunne jobbe fullt att. Og Nestegard hadde etterkvart vorte litt einig. Han hadde vore sjuk i over eitt år når han kom til VINN.

- I byrjinga jobba eg berre to dagar i veka. Men etter kvart auka

me på, seier Nestegard. Han er fortsatt sjuk, men det er ingen hindring så lenge han tek medisinasine sine. I dag driftar Nestegard alle avfallsmottaka for Hallingdal Renovasjon, og trivst veldig godt i jobben. Han har no jobba 5 år i full stilling.

- Eg har inntrykk av at Nestegard er veldig fornøgd sjølv med korleis

han har det arbeidsmessig, seier Ruud. -Nestegard har ein jobb som passar han veldig bra.

Ruud ser også korleis arbeidssjølvtilliten til Nestegard har vakse. Den var så som så då han kom til VINN, men no er den veldig bra. Det er Sander einig i.

- Eg trivst godt, og har det veldig bra på jobb. Eg har jo jobba for det sjølv, og var i byrjinga usikker på ulike ting.

- Nestegard si historie er ei solskinshistorie. Men VINN er avhengig av positive arbeidsgjevarar for at desse arbeidstakarane skal koma seg i jobb att, meiner Ruud.

- Hallingdal Renovasjon har vore veldig greie, og lete meg få bruke den tida eg trong for å bygge meg oppatt til å jobbe fullt, rosar Nestegard.

- Sander fungerer like godt som alle dei andre som jobbar her. Me stolar på han, og på at han heile tida gjer sitt beste. Det har han også vist oss frå dag ein, legg Satastlatten til.

«Eg veit ikkje kor eg hadde vore i dag, om det ikkje hadde vore for VINN.»

SANDER NESTEGARD



Hjelper til: Sander Nestegard hjelper Gunnvald Skarpås med å tømme bilhengen for avfall.



Akkedering om pris: Lars Uthus og Sander Nestegard i ein munter diskusjon om pris på tøming av avfall. Uthus fortel at han heller leverer avfallet sitt her på mottaket, enn å kaste det i dei ulike containerane som er plassert ute i distriktet.

Vinn - 25 år som Hallingdal sitt ressurscenter innen arbeid

For litt over 25 år siden ble de første forsøkene på å gi psykisk utviklingshemmede i Hallingdal et tilbud om arbeid. Det var dette som førte til etableringen av VINN.



Nå kan dette prosjektet feire sitt 25 årsjubileum. VINN var vel et av de første interkommunale tiltakene i Hallingdal, og kanskje et av de mest vellykkede. I starten var det 4 ansatte som skulle gi 10 arbeidsplasser i

Hol, og 10 i Gol. Dette var den spede starten, og siden har utviklingen gått fort i riktig retning. VINN ble fort en foregangsbedrift på dette området, og etter hvert ble det flere og flere arbeidsoppgaver.

Etter hvert ble det flere avdelinger, og ikke minst flere retninger. VINN har blitt en bedrift for mange som av en eller annen grunn har falt utenfor det vanlige arbeidsmarkedet. Mange har gjennom årene fått prøve seg på nytt i yrkeslivet. I de siste årene har opp mot 150 personer vært innom VINN i en eller annen sammenheng. Målet har vært at flere og flere kan komme i vanlig arbeid etter en tid på VINN. Samtidig har det også vært en varig arbeidsplass for de som ikke er i stand til å gå i vanlig arbeid.

Hva er det som har gjort VINN til det det er i dag?

Ingen kan vel gi noe entydig svar på dette, men det er all grunn til å peke på de ansatte. De har vist og viser stor stabilitet, og ikke minst engasjement. Jeg har hele tiden sett at brukerne blir tatt vare på en flott måte, og alle får mulighet til å vise hva de duger til i trygge omgivelser. Dett har vært med på å skape et tillitsforhold og gjort sitt til at trivselen er på topp hos brukerne. Noe av det viktigste er å kunne peke på bredden i tilbud som har blitt utviklet på VINN. VINN fortjener enda større oppmerksomhet enn det vi opplever i dag. Mange bruker VINN sine tjenester, og alle er godt fornøyd. Produktene som blir levert er av meget høy kvalitet. Jeg ønsker VINN lykke til med 25 års jubileet, og lykke til i de neste 25 årene!

Kjell Sævre, tidligere styremedlem og styreformann